



Møteprotokoll for Utval for helse og omsorg

Møtedato: 06.06.2023
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 09:30 - 15:00

Før møtestart kl. 12.00 var utvalet på synfaring på Radøy arbeidssenter og Knarvik arbeidssenter.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Ståle Juvik Hauge	AP	Utvalsleiar
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP	Nestleiar
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Roy Bø	H	Medlem
Thore Helland	SP	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Alexander Helle	R	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte: Leni Dale-kommunalsjef, Helge Kvam-Fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg, Hildegunn Baravelli-kordinator velferdsteknologi, Monica Svarstad-rådgjevar Oppvekst, Eva Mikkelsen-prosjektleiar Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift, Arthur Kleiveland-møtesekretær

Det møtte 7 av 8 medlemmar i utval for helse og omsorg.

Sakliste

Saknr	Tittel
027/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
028/23	Godkjenning av møteprotokoll 25.04.2023
029/23	Høring - Kvinnehelseutvalgets NOU 2023: 5 - Den store forskjellen - Om kvinners helse og betydningen av kjønn for helse
030/23	Samarbeidsavtale syns- og audiopedagogisk teneste
031/23	Søknad om serverings- og skjenkeløyve utandørs - iSushi AS
032/23	Veteranplan for Alver kommune - oppstart planarbeid
033/23	Meldingar til utval for helse og omsorg 06.06.2023

027/23: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for helse og omsorg 06.06.2023:

Behandling:

Utvalsleiar ba utvalet slutta seg til at sak om Samarbeidsavtale for syns- og audiopedagogiske tenester blir handsama når sakshandsamar kjem til møtet. Med dette tillegget godkjende utvalet samrøystes innkalling og saksliste.

HO- 027/23 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

028/23: Godkjenning av møteprotokoll 25.04.2023

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for helse og omsorg 06.06.2023:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes møteprotokoll for 25.04.2023.

HO- 028/23 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

029/23: Høring - Kvinnehelseutvalgets NOU 2023: 5 - Den store forskjellen - Om kvinners helse og betydningen av kjønn for helse

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for drøffing i utvalet.

Utval for helse og omsorg 06.06.2023:

Behandling:

Utvalsleiar Ståle J. Hauge-AP sette fram følgjande framlegg:

Utval for helse og omsorg tar Kvinnehelseutvalgets NOU 2023: 5 - Den store forskjellen - Om kvinners helse og betydningen av kjønn for helse til vitande.

Utvalet ser fram til oppfølginga av NOU-en og at kommunane blir involvert i det vidare arbeidet.

Utvalet vedtok samrøystes S. Hauge sitt framlegg til vedtak.

HO- 029/23 Vedtak:

Utval for helse og omsorg tar Kvinnehelseutvalgets NOU 2023: 5 - Den store forskjellen - Om kvinners helse og betydningen av kjønn for helse til vitande.

Utvalet ser fram til oppfølginga av NOU-en og at kommunane blir involvert i det vidare arbeidet.

030/23: Samarbeidsavtale syns- og audiopedagogisk teneste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.06.2023:

Behandling:

Orientering til saka v/Monica Svarstad-rådgjevar Oppvekst

Framlegg frå Magne Bjørndal:

RMNF meiner det er uheldig at innspel frå Blindeforbundet og FFO, som er sendt til kommunane, ikkje er tekne med blant saksdokumenta. Her vert det reist kritikk mot at samarbeidsavtalen legg opp til innskrenkingar i tilbodet til personar over sytti år. Sjølv om SAPT skal prioritera born og unge, meiner rådet det er svært uheldig at denne gruppa får eit dårlegare tilbod enn den har hatt til no.

Rådet går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over sytti år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 021/23 Vedtak:

RMNF meiner det er uheldig at innspel frå Blindeforbundet og FFO, som er sendt til kommunane, ikkje er tekne med blant saksdokumenta. Her vert det reist kritikk mot at samarbeidsavtalen legg opp til innskrenkingar i tilbodet til personar over sytti år. Sjølv om SAPT skal prioritera born og unge, meiner rådet det er svært uheldig at denne gruppa får eit dårlegare tilbod enn den har hatt til no.

Rådet går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over sytti år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunen.

Eldreråd 05.06.2023:

Behandling:

Monica Svarstad-rådgjevar oppvekst orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

Eldrerådet meiner Alver kommune må vidareføra samarbeidsavtalen om syns- og audiopedagogisk teneste. Men rådet er bekymra over at det den nye avtalen skal innebera at personar over 70 år ikkje blir omfatta av denne tenesta. Rådet meiner tvert om at det ikkje må setjast noko øvre aldersgrense for desse tenestene som samarbeidsavtalen med Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) omfattar.

Eldrerådet vil peika på at eit godt tilbod til aldersgruppa over 70 år vil medvirka til at fleire kan bli buande heime lengst mogleg.

Eldrerådet meiner det er uheldig at innspel frå Blindeforbundet og FFO, som er sendt til kommunane, ikkje er tekne med blant saksdokumenta. Her vert det reist kritikk mot at samarbeidsavtalen legg opp til innskrenkingar i tilbodet til personar over 70 år. Sjølv om SAPT skal prioritera born og unge, meiner rådet det er svært uheldig at denne gruppa får eit dårlegare tilbod enn den har hatt til no.

Eldrerådet går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over 70 år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunane.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale sett fram i møtet.

ER- 024/23 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:

Eldrerådet meiner Alver kommune må vidareføra samarbeidsavtalen om syns- og audiopedagogisk teneste. Men rådet er bekymra over at det den nye avtalen skal innebera at personar over 70 år ikkje blir omfatta av denne tenesta. Rådet meiner tvert om at det ikkje må setjast noko øvre aldersgrense for desse tenestene som samarbeidsavtalen med Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) omfattar.

Eldrerådet vil peika på at eit godt tilbod til aldersgruppa over 70 år vil medvirka til at fleire kan bli buande heime lengst mogleg.

Eldrerådet meiner det er uheldig at innspel frå Blindeforbundet og FFO, som er sendt til

kommunane, ikkje er tekne med blant saksdokumenta. Her vert det reist kritikk mot at samarbeidsavtalen legg opp til innskrenkingar i tilbodet til personar over 70 år. Sjølv om SAPT skal prioritera born og unge, meiner rådet det er svært uheldig at denne gruppa får eit dårlegare tilbod enn den har hatt til no.

Eldrerådet går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over 70 år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunane.

Ungdomsråd 05.06.2023:

Behandling:

Orientering i saka v/Monica Svarstad

UR- 019/23 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.
Samrøystes

Utval for helse og omsorg 06.06.2023:

Behandling:

Monica Svarstad-rådgjevar oppvekst orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste.

Kommunestyret i Alver stiller seg bak uttalane frå Eldrerådet og frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Kommunestyret ber om at administrasjonen går i dialog med styret i SAPT med ein intensjon om at SAPT framleis skal gje tilbod til innbyggjarar over 70 år. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over 70 år det same tilbodet som dei har hatt til no.

Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunane.

Felles framlegg sett fram i møtet vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.
Felles framlegg sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

Protokoll-tilførsel

Det vart sett fram følgjande framlegg til protokoll-tilførsel:

Utval for helse og omsorg er svært kritisk til at styret i SAPT gjer val på vegne av kommunane utan å gje høve til innspel før ny samarbeidsavtale skal inngåast.

Utvalet slutta seg samrøystes til protokoll-tilførselen.

HO- 030/23 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste.

Kommunestyret i Alver stiller seg bak uttalane frå Eldrerådet og frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Kommunestyret ber om at administrasjonen går i dialog med styret i SAPT med ein intensjon om at SAPT framleis skal gje tilbod til innbyggjarar over 70 år. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over 70 år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunane.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.06.2023:

Behandling:

Orientering til saka v/Monica Svarstad-rådgjevar stab Oppvekst

Fellesframlegg v/Christel Villanger Håland-H:

Positivt å prioritere born / unge, men me reagerer på at prisen er den same tross i at tenesta då er noko redusert ift personar som vil nytta dette tilbodet.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur støttar ellers uttale frå Eldrerådet og RMNF.

OKK går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over sytti år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OKK- 031/23 Vedtak:

Innstilling i OKK - 06.06.2023:

Positivt å prioritere born / unge, men me reagerer på at prisen er den same tross i at tenesta då er noko redusert ift personar som vil nytta dette tilbodet.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur støttar ellers uttale frå Eldrerådet og RMNF.

OKK går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over sytti år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunen.

031/23: Søknad om serverings- og skjenkeløyve utandørs - iSushi AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Isushi As , org. nr 998772184 får innvilga fast alminneleg skjenkeløyve for utandørs servering alkoholgruppe 1, 2 og 3 for iSushi + Roxys Knarvik, Kvernhusaugane 10, 5914 Isdalstø.

2. Løyvet gjeld for utandørs servering på avgrensa område med om lag 40 gjestar

3. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er alle dagar frå klokka 11.00 – 22.00. Søn- og heilagdagdar startar skjenking frå klokka 12.00. Skjenketid for gruppe 3 er alle dagar frå klokka 13.00 – 22.00.

4. Løyvet gjeld fram til 30.09.24

5. Styrar Anna Hadhazy f. 23.03.89. Avløysar Cesilie Stendal f 06.08.81.

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Utval for helse og omsorg 06.06.2023:

Behandling:

På vegne av SP/KRF sette May Irene Wergeland-SP fram følgjande tilleggsframlegg:

Skjenkeløyvet godkjennast med atterhald om betre skjerming. Skjerminga må minimum vere 1,20 meter høg ut mot fortauet. Dette for å skjerme for innsyn og eventuelt støy og også på grunn av den svært sentrale plasseringa i kommunesenteret.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Tilleggsframlegget frå SP/KRF fekk 4 røyster (Else Marie S. Dale-KRF, May Irene Wergeland-SP, Sølvi Knudsen-SP, Thore Helland-SP) og vart vedteke mot 3 røyster (Ståle Hauge-AP, Kirsti Gjetle Floen-AP, Roy Bø-H).

HO- 031/23 Vedtak:

1. Isushi As , org. nr 998772184 får innvilga fast alminneleg skjenkeløyve for utandørs servering alkoholgruppe 1, 2 og 3 for iSushi + Roxys Knarvik, Kvernhusaugane 10, 5914 Isdalstø.

2. Løyvet gjeld for utandørs servering på avgrensa område med om lag 40 gjestar

3. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er alle dagar frå klokka 11.00 – 22.00. Søn- og heilagdaggar startar skjenking frå klokka 12.00. Skjenketid for gruppe 3 er alle dagar frå klokka 13.00 – 22.00.

4. Løyvet gjeld fram til 30.09.24

5. Styrar Anna Hadhazy f. 23.03.89. Avløyser Cesilie Stendal f 06.08.81.

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Skjenkeløyvet godkjennast med atterhald om betre skjerming. Skjerminga må minimum vere 1,20 meter høg ut mot fortauet. Dette for å skjerme for innsyn og eventuelt støy og også på grunn av den svært sentrale plasseringa i kommunesenteret.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

032/23: Veteranplan for Alver kommune - oppstart planarbeid

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for helse og omsorg godkjenner oppstart av planarbeid (handlingsplan) – Vetaranplan for Alver kommune 2023-2027

Utval for helse og omsorg 06.06.2023:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

HO- 032/23 Vedtak:

Utval for helse og omsorg godkjenner oppstart av planarbeid (handlingsplan) – Vetaranplan for Alver kommune 2023-2027.

033/23: Meldingar til utval for helse og omsorg 06.06.2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for helse og omsorg 06.06.2023:

Behandling:

Det vart gitt følgjande meldingar/orienteringar:

- Hildegunn Baravelli-koordinator orienterte om velferdsteknologi.
- Eva Mikkelsen-prosjektleder orienterte om vedtakssaker - saker og klagesaker i helse og omsorg.

Utvalsleiar Ståle Hauge-AP sette fram følgjande framlegg knytt til orientering om velferdsteknologi:

Utval for helse og omsorg tar orientering om å endre innslag av velferdsteknologi frå trinn 6 til trinn 3 i aktivitets- og meistringstrappa. Utvalet meiner at denne endringa er innanfor kommunedelplan for helse og omsorg sin utvikling og innfor Kommunaldirektøren sitt mynde til endring i tenesta.

Utvalet vedtok samrøystes S. Hauge sitt framlegg.

Utvalet tok meldingar til orientering, med tillegg til vedtak gjort i møtet.

HO- 033/23 Vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering, med følgjande tillegg: